



# Innst. 39 S

(2013–2014)

## Innstilling til Stortinget fra transport- og kommunikasjonskomiteen

Prop. 182 S (2012–2013)

### **Innstilling fra transport- og kommunikasjonskomiteen om finansiering av prosjekt og tiltak på fv. 714 Stokkhaugen–Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1**

Til Stortinget

#### **1. Sammendrag**

Samferdselsdepartementet legg i proposisjonen fram forslag om finansiering av planlagt utbygging av delar av fv. 714 mellom Stokkhaugen i Orkdal kommune og Sunde i Snillfjord kommune.

Fv. 714 er hovudvegen for kommunane Snillfjord, Hitra og Frøya til Orkdal og Trondheim. Ein stor del av oppdrettsnæringa i Sør-Trøndelag er lokalisert i dette området. Dette gjer at vegen er viktig for utvikling og verdiskaping i regionen.

Eksisterande veg mellom Stokkhaugen og Sunde har ei samla lengde på i underkant av 58 km. Den har låg standard med svingar, problematiske stigningar og smal veg. Dette gjer at køyreforholda blir vanskelege, spesielt om vinteren.

Strekninga er overrepresentert med utforkøyringar samanlikna med andre fylkesvegar i Sør-Trøndelag.

Kommunane Hitra, Frøya og Snillfjord samt Sør-Trøndelag fylkeskommune har tatt initiativ til å utgreie eit opplegg for delvis bompengefinansiert utbetring av fv. 714 mellom Stokkhaugen og Sunde. I 2009 vart det utarbeidd ein plan for samla utbygging som innebar gjennomføring av følgjande 10 delprosjekt:

1. Ny veg Bergsbakken/Ulvstubakken
2. Etablering av to bomstasjonar
3. Valslagtunnelen med tilhøyrande veg

4. Fenestunnelen med tilhøyrande veg
5. Mjønes–Brattstiåsen–Nessavatnet med Brattstiåstunnelen
6. Ny veg og tunnelar i Snilldal inkl. Fossantunnelen og Snilldalstunnelen
7. Ny veg utanom Krokstadøra inkl. bru over Snilldalselva og Bergselva samt Åliatunnelen
8. Kryssing av Åstfjorden med bru og tunnel Tjørna–Mjønesanet, og tunnel under Mjøneshattem
9. Utbetring av eksisterande veg langs Snilldalselva
10. Våvasstunnelen inkl. Våda ytre bru med tilhøyrande vegar

I tillegg vart ytterlegare seks prosjekt vurderte som aktuelle for gjennomføring dersom økonomien i utbygginga skulle bli betre enn venta.

Fire av prosjekta (1, 3, 4 og 5) er alt starta opp eller fullførte.

For å halde oppe framdrifta er det lagt opp til å behandle den vidare utbygginga i to trinn. I proposisjonen blir det fremma forslag om finansiering av prosjekta 1–7. Finansieringa av prosjekta 8–10 vil bli lagt fram i trinn 2.

#### **Finansierings- og bompengopplegg for trinn 1**

Trafikktala er baserte på registrert trafikk gjennom Hitratunnelen og regional transportmodell. Finansieringa er basert på bompengar og fylkeskommunale midlar. I tråd med dei lokalpolitiske vedtaka er det lagt til grunn at 50 pst. av utbyggingskostnadene blir finansierte med bompengar og 50 pst. med fylkeskommunale midlar.

Samla kostnadsoverslag for prosjekta 1–7, ekskl. prosjekt 3 Valslagtunnelen, er rekna til omlag 680 mill. 2013-kr, ekskl. auka meirverdiavgift som følgje av oppheving av vegfritaket frå 1. januar 2013. Det

blir framleis arbeidd med reguleringsplanar for prosjekta 6 og 7. Det er derfor knytt uvisse til overslaget.

Kostnadsoverslag inkl. full mva er 760 mill. kroner. Fylkeskommunen dekkjer 420 mill. kroner og bompengar 340 mill. kroner. Det vil bli utarbeida oversikter over påløpne kostnader i dei ulike delprosjekta i trinn 1 så langt dei er komne, før trinn 2 blir lagt fram for Stortinget.

Det er lagt opp til innkrevjing av bompengar i to automatiske bomstasjonar på fv. 714 i Snillfjord kommune, ein på Valslag og ein ved Våvatnet (nord for kryss mellom fv. 301 og fv. 714). Innkrevjinga vil skje i begge retningar. Det er lagt opp til at innkrevjinga av bompengar kan starte så raskt som råd etter vedtak i Stortinget.

Basisføresetnadene i finansieringsplanen går elles fram av pkt. 5 i proposisjonen. Med føresetnadene er innkrevjingsperioden knytt til finansiering av prosjekta i trinn 1 rekna til om lag 10 år.

Fylkestinget i Sør-Trøndelag har fatta vedtak om å stille lånegaranti med sjølvskuldarnarkausjon på inntil 385 mill. 2009-kr for tiltak og prosjekt på fv. 714 mellom Stokkhaugen i Orkdal kommune og Sunde i Snillfjord kommune i Sør-Trøndelag.

Etter at Stortinget har gjort vedtak om delvis bompengefinansiering av prosjekt og tiltak på fv. 714 Stokkhaugen–Sunde i Sør-Trøndelag, trinn 1, vil det bli inngått avtale mellom Vegdirektoratet og bompengeselskapet i tråd med gjeldande standardavtale og dei føresetnadane som er lagt til grunn i proposisjonen.

## 2. Komiteens merknader

Komiteen, medlemmene fra Arbeiderpartiet, Kjell-Idar Juvik, Ingvild Kjerkol, Sverre Myrli, Magne Rommetveit og Eirin Sund, fra Høyre, Torill Eidsheim, lederen Linda C. Hofstad Helleland, Nils Aage Jegstad og Helge Orten, fra Fremskrittspartiet, Ingebjørg Godskesen, Åse Michaelsen og Roy Steffensen, fra Kristelig Folkeparti, Hans Fredrik Grøvan, fra Senterpartiet, Janne Sjelmo Nordås, og fra Venstre, Abid Q. Raja, viser til at fv. 714 er hovedveien ut til øyregionen i Sør-Trøndelag og en svært viktig vei for eksporten av varer ut av fylket. Dette gjelder særlig oppdrettsnæringen i fylket som i stor grad er lokalisert her og som har stort behov for god infrastruktur for videre vekst. Komiteen viser til at eksporten av laks og ørret utgjør ca. 40 pst. av den totale eksporten

fra Sør-Trøndelag, og i 2007 ble det fraktet rundt 77 000 tonn laks og ørret på fv. 714 «Lakseveien». Lakseveien er derfor svært viktig for å få varer trygt og raskt frem fra produksjonsområder og videre ut til kunder både i inn- og utland. Komiteen er klar over at veien i dag har lav standard med mye svinger og problematiske stigninger. Det er en ulykkesbelastet veistrekning, særlig på vinterstid. De siste årene har strekningen vært stengt rundt 30 ganger årlig. Det er særlig mange utforkjøringer sammenliknet med andre fylkesveier i fylket.

Komiteen er kjent med at kommunene og fylkeskommunen prioriterer en videre utbygging/utbedring av fv. 714 for å sikre en sammenhengende utbygging ved et trinn 2.

Komiteen viser til regjeringens signaler om en åpning for at nedbetalingstiden for bompengeprosjekter kan forlenges ved lokalpolitisk ønske om dette, og imøteser en ny proposisjon til Stortinget så snart prosjektplaner og finansieringsopplegg foreligger.

Komiteen viser til at man lokalt er enige om at finansieringen av prosjektet skal baseres på bompenger og fylkeskommunale midler, der 50 pst. av utbyggingskostnadene blir finansierte med bompenger og 50 pst. med fylkeskommunale midler. Komiteen registrer at samlet kostnadsoverslag for prosjektene som skal inngå i trinn 1, vil være om lag 680 mill. 2013-kroner, noe som gir et fylkeskommunalt bidrag på 340 mill. kroner og et bompengebidrag på 340 mill. kroner.

Komiteen er opptatt av at bompengennevningen foregår så effektivt som mulig med mål om å redusere antall bompengeselskaper. Komiteen registrerer at et eksempel på dette kan være at Vegdirektoratet inngår avtale med Trøndelag Bomveisel-skap om drift og finansiering av bompengeprojektet fv. 714 «Lakseveien».

### Garanti for bompengelån

Komiteen ber regjeringa vurdere ordning med statleg garanti for bompengelån der det kan bidra til lågare lånerente, og at regjeringa i samarbeid med fylkeskommunen kan vurdere å endre bompengesatsen og nedbetalingstid.

Komiteen foreslår derfor:

«Stortinget ber regjeringa vurdere ordning med statleg garanti for bompengelån der det kan bidra til lågare lånerente, og at regjeringa i samarbeid med fylkeskommunen kan vurdere å endre bompengesatsen og nedbetalingstid.»

### 3. Komiteens tilråding

Komiteens tilråding fremmes av en samlet komité.

Komiteen viser til proposisjonen og merkningene og rå Stortinget til å gjøre slikt

vedtak:

#### I

Stortinget samtykker i at:

1. Bompengeselskapet får løyve til å ta opp lån og krevje inn bompengar til delvis bompengefinan-

siering av prosjekt og tiltak på fv. 714 Stokkhaugen–Sunde i Sør-Trøndelag etter Prop. 182 S (2012–2013) og Innst. 39 S (2013–2014).

2. Samferdselsdepartementet får fullmakt til å inngå avtale med bompengeselskapet og fastsetje nærare reglar for finansieringsordninga.

#### II

Stortinget ber regjeringa vurdere ordning med statleg garanti for bompengelån der det kan bidra til lågare lånerente, og at regjeringa i samarbeid med fylkeskommunen kan vurdere å endre bompengesatsen og nedbetalingstid.

Oslo, i transport- og kommunikasjonskomiteen, den 29. november 2013

**Linda C. Hofstad Helleland**

leder og ordfører

